

Avdeling:

**ØKONOMI- OG ORGAVDELINGA**


Budsjettansvarlig:

HOLM SVENDSEN

**Økonomirapport pr. august 2016**

Dato:

7. september 2016

**ÅRSPROGNOSE****MOMENT OG KOMMENTARAR IFT AVDELINGS PROGNOSE****KOSTNADAR**

Framleis høgt fokus på kostnadskontroll i avdelinga. Både på tal på tilsette og på driftskostnadar. I samband med Det er venta kostnadsreduksjonar som fører til mindreforbruk både på lønns- og driftssida i 2015. Fleire av desse heng saman med budsjettmåla til avdelinga. Innanfor rammene av HFK sine overordna strategiar er det venta vidare effektivisering. Totalt for den økonomi- organisasjonsavdelinga vert det budsjettmessige overskuddet på kostnadssida i 2016 anslått til å verte 4 mill. Personalforsikringar vert betalt ein gang i året, og skapar midlertidig avvik på kostnadssida.

**INNTEKTER**

Det er lagt til grunn eit noko høgare inntektsnivå enn det som vart lagt til grunn i budsjettet. I tillegg er det venta noko meir refusjonsinntekter enn det ein tok høgde for i budsjettet. Prognosene for inntektssida vert difor eit lite overskot; 1 mill.

**KOMMENTARFELT PROGNOSE:**

Det er samla sett gode rekneskapstal for avdelinga. Det er ein del budsjettmessige overskot og underskot på artsnavn fleire stadar i rekneskapen. Dette gjeld blant anna for retrettstillingar, attføring, omstilling og lærlingplassar. Samla sett er det god budsjettkontroll. Årsprognosene for den nye avdelinga er eit overskot på 5 mill. Ein forutsetning for denne prognosene er at midlar som avdelinga har i budsjettet til omstilling vert brukt opp. Om ikkje vert overskotet enda høgare.

**MÅLOPPNÅING 2. TERTIAL 2016**

Budsjettmål	Tiltak/ Indikatorar 2016	Pr Aug	Prognose 2016
1 Sikre sunn og bærekraftig økonomi.	Netto driftsresultat på 1% i 2016.	Ligg godt an pt.	Ja, vil oppnå mål.
	Netto gjeldsgrad på 111% i 2016.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
2 Rekruttere/utvikle rett kompetanse.	Medarbeidartilfredsheit på 32% i 2016.	Etter skjema.	Nei, vil ikkje oppnå mål.
	38% av tilsette vil anbefale HFK som arbeidsgiver.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	95% Nærver i HFK i 2016.	Etter skjema.	Nei, vil ikkje oppnå mål.
	94 mill. kr. i sjukelensrefusjon.	Ligg godt an pt.	Ja, vil oppnå mål.
	90% andel tilsette med registrert CV.	Ligg godt an pt.	Ja, vil oppnå mål.
3 Modernisere og effektivisere HFK.	10 % reduksjon portoutgifter.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	5 tenester på nett integrert med ma. Ephorte.	Ligg godt an pt.	Ja, vil oppnå mål.
	1 system som nyttar elektronisk utsending.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
4 Sikre bruk av effektive avtalar.	35% Bruk av FINS - beløp. 81% kjøp innan avtale.	Ligg godt an pt.	Ja, vil oppnå mål.
	85% andel efaktura.	Alt oppnådd.	Ja, vil oppnå mål.
5 Styrke omdømmes til HFK og ha god informasjonsflyt.	På topp 10 - tilfredsheit journalistar.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.
	45% / 5,5 på NOR PR si omdømmemåling.	Ligg godt an pt.	Ja, vil oppnå mål.
	Auka brukartilfredsheit hordaland.no	Ligg godt an pt.	Ja, vil oppnå mål.
	Brukartilfredsheit folkevalde; min. score 4.	Ok, godt i gang.	Ja, vil oppnå mål.


**KOMMENTARFELT BUDSJETTMÅL:**

Over er dei vedtekte budsjettmåla til økonomi- og organisasjonsavdelinga for 2016. Mange mål som samla sett vil bidra til den overordna strategien til HFK. Som tabellen syner er målsetjingane vurdert som oppnåelige, og at det samla for alle måla er venta at ein forutset at ein vil oppnå dei aller fleste i løpet av året. Medarbeidarundersøkinga 2016 vart avslutta våren 2016. Resultata syner at trenden er god, men alle mål blir ikkje oppnådd. Det er å merka seg at 2 av måla, mål om medarbeidartilfredsheit og mål om nærvær, er mål som ikkje berre gjeld for økonomi- og organisasjonsavdelinga, men for heile fylkeskommunen.

**RISIKOVURDERING**

	FAKTORAR/ HENDINGAR	SANNSYNLIGHET	ØKONOMISK KONSEKVENS
1	Vakansar	Stor	Lite positivt budavvik.
2	Refusjonar/ tap	Liten	Middels negativt budavvik.
3	Omstillingmidlar/ Ubrukte	Moderat	Større positivt budavvik.
4			
5			

## FORBRUK REISEVERKSEMD / 2016 vs. 2015



### MERKNAD REISEVERKSEMD:

I reiseverksemd ligg forbruk til bilgodtgjærdsle (art 11600), kostgodtgjærdsle (art 11610), administrativ forpleining (art 11620), andre reiseutgifter (art 11630) og reiseutgifter (art 11700). Desse kostnadane er samla ein viktig KPI for HFK i 2016. Økonomi- og organisasjonsavdelinga har omlag same/ noko lågare forbruk på dette området hittil i år samanlikna med samme tidspunkt i 2015.